



SAKSHANDSAMAR  
Eva Sætersdal Walderhaug

VÅR REF.  
14/00152-24

DYKKAR REF.  
2014/1022-4

ARK. Forvaltningsarkivet  
510.8

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
10.04.2014

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen



## Statsbudsjettet 2014 kap. 1429 post 70 - Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG) - Tilsegn om tilskot til Hordaland fylkeskommune

Riksantikvaren viser til søknad datert 17.01.14

Frå Statsbudsjettet 2014 kap. 1429 post 70 er det sette av totalt 10.3 millionar kroner til skjøtsel av arkeologiske kulturminne og tilskot til tiltak innanfor bevaringsprogramma BARK og BERG. Riksantikvaren har i år motteke søknader til programma for nær 11.2 millionar kroner.

Bergkunstprogrammet skal bidra til kunnskapsbasert forvaltning av bergkunsten og til formidling, sikring og langsiktig skjøtsel av eit prioritert utval lokalitetar. I handsaminga av søknadene vektlegg vi krava og kriteria som er omtala i vårt informasjonsskriv av 18.12.13. Vi viser og til samarbeidsplikta og understreker at dei arkeologiske forvaltningsmusea og fylkeskommunane/Sametinget har eit felles ansvar for at den vert oppfylt, og at partane må informere kvarandre om planlagde tiltak.

### Tilsegn om tilskot for 2014

Riksantikvaren gir tilsegn om tilskot på **inntil kr 350 000,-** i 2014.

### Riksantikvarens merknadar til søknad og tilsegn

Tilsegna gjeld prosjekta som er vist nedanfor:

Prosjekt	Kostnad	Søknad	Tilsegn
Mostraumen interaktiv formidling	400 000	300 000	300 000
Bruteigsteinen ny rampe	100 000	50 000	50 000
<b>Sum</b>	<b>500 000</b>	<b>350 000</b>	<b>350 000</b>

Riksantikvaren godkjenner i tillegg overføring av kr. 104 880,- av tilskot for 2013 til ferdigstilling av tiltaka i 2013. Vi ber Hordaland fylkeskommune avklare med Riksantikvaren om ny rampe ved Bruteigsteinen krev søknad om dispensasjon frå Kulturminneloven før tiltaket vert utført.

Vi ber om å få ein detaljert rapport frå prosjektet interaktiv formidling i Mostraumen.

Riksantikvaren minner om at det for alle skjøtels- og tilretteleggingsprosjekt skal vere utarbeida skjøtelsplan eller vere skjøtelsplan under utarbeiding som del av prosjektet, og at

det for større prosjekt bør vurderas å avtalefeste ansvar for oppfølging og finansiering. Informasjon om lokalitetar som vert omfatta av dei planlagde skjøtsels- og tilretteleggingstiltaka må oppdateras i Askeladden.

Riksantikvaren understreker at skjøtsels- og tilretteleggingstiltak kan medføre inngrep som krev dispensasjon frå Kulturminneloven. Dette gjeld og i tilfelle der det er gitt tilsegn om tilskot. Tilsegna gis difor under føresetnad av at nødvendige godkjenningar ligg føre før tiltaka vert utførte.

### Klagehøve

Vedtaket kan klagast til Miljøverndepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage blir stilt til klageinstansen, men blir sendt til Riksantikvaren innan tre - 3 - veker frå dette brevet er mottatt, jf. forvaltningslova § 29.

### Tilskotsreglementet

Med tilvising til Tilskotsreglementet § 10 gjer vi merksam på at Riksantikvaren har høve til å føre kontroll med at tilskotet blir brukt etter føresetnadane. Riksrevisjonen har tilsvarande kontrollhøve heimla i lov om riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12.

### Utbetaling, rapportering og regnskap


Tilskotet utbetales etter at tiltaket er gjennomført og rapport og regnskap er sendt Riksantikvaren. Av omsyn til statsforvaltningas fristar må krav om utbetaling saman med rapport og regnskap være Riksantikvaren i hende innan 1. november 2014. I forbindelse med rapportering og regnskap vil vi komme tilbake med meir detaljerte retningslinjer ved behov.


Vedlagd følgjer *Retningslinjer og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kapittel 1429 post 70*. For utbetaling av tilskot, er det ein føresetnad at vilkåra både i dette brevet og i vedlegget blir akseptert. Dette gjerast ved å fylle ut vedlagde akseptskjema og returnere til oss innan 4 veker etter at dette brevet er motteke.

Tiltaka følgjes opp etter behov med rådgjeving, kontroll og godkjenning ved Eva S. Walderhaug, spørsmål knytte til tilsegna kan rettes direkte på tlf. 98 22 87 19 eller e-post [esw@ra.no](mailto:esw@ra.no).

Riksantikvaren ynskjer lykke til med årets arbeid!

Beste helsing

  
Isa Trøim (e.f.)  
Seksjonssjef

  
Eva S. Walderhaug  
Seniorrådgjevar

Vedlegg: 2

Kopi til: Universitetet i Bergen - Universitetsmuseet, pb 7800, 5020 Bergen